



Dette er eit av klasseromma med for dårleg luftskifting (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det er i oktober og november gjennomført måling av inneklimate ved skulen. FAU har no kommentert protokollen frå målingane og utfra funna er dei ikkje sikre på om dei tiltaka som er sett i verk vil vera tilfredsstillande.

Ved kalde dagar er det spesielt problematisk å lufte, noko som resulterer i svært dårleg inneluft. Dette er ikkje ein akseptabel situasjon for elevane med tanke på at skulen skal nyttast ytterlegare 1 1/2 år før opprusting, meiner FAU

FAU ved Johannes Hjørnevåg ber difor kommunen om å setja i verk midlertidige tiltak for å sikra eit akseptabelt inneklimate.

Inneklimate er målt i arbeidsrommet for lærarane og 5 klasserom. Målingane viser at det må gjerast tiltak for å bedre luftutskiftinga.

I klasseromma Storhaug, Skårhaug, Gråfjell og Halsatoppen er luftutskiftinga for dårleg til å halde konsentrasjonen av CO₂ under grenseverdien. I Englafjell og på lærarane sitt arbeidsrom er konsentrasjonen gjennomsnittleg under grenseverdien men makskonsentrasjonen er over.

Moglege tiltak er innsetting av ventilasjonsanlegg, unngå dobbelttimar, luftig med opne vindu i kvart friminutt, kort lufting i timane og skru ovnane ned på lærarrommet der temperaturen er litt høg. I klasseromma er temperaturen innanfor anbefalte normar.

Av Ola Matti Mathisen